



Vinnarlaget på Dønhaug ikveld (Foto: Kristian Olav Bringedal)

Ni lag var med på Festidalen sin julequiz på Dønhauglåven i kveld. Det er noko mindre enn det har vore åra før. Alle dei 450 billettane er utselde og festivalleinga er godt nøgd med interessa for det tradisjonelle romjulsfesten

Quizzen, leiar av Ørjan Bakke, henta spørsmåla frå fire skulefag: O-dag, kroppsøving, heimkunnskap/heimstasdlære og klassens time (blanda drops). Dei tre beste laga tevla skarpt like til siste spørsmålet.

Vinnarlaget, Eg sa: Kast skjorto Ørjan, vann med 45 poeng, berrre eit poeng føre neste lag: Sjepo Sjo& Co frå Halsnøy. Tre poeng bak kom laget Gløgg.

Deltakarane på vinnarlaget og laget Gløgg er ein venegjeng på 12 personar som kom samla til Dønhaug. Dei delte seg i to lag: Dei unge mot dei gamle. Dei unge vann.

På vinnarlaget var desse:
Håvard Gjerde, Ståle W Hauge, Terje Markhus, Christian Sundsteigen, Ole Vidar Monsen og Jan Harald Gustavsen. Dei to siste er frå Uskedalen. To frå Uskedalen, Lars Johan Myklebust og Røssland, var med på lag nr. 3, Gløgg.

Tekst : Kristian Olav Bringedal